

Eksamen

26.11.2019

HSF1002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Programområde for helse- og oppvekstfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTLEIING FOR SVARET</p> <p>– Når du løyser oppgåva, må du beskrive og grunngi vala du gjer.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaget til løysing på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte
Andre opplysningar	NB! Du skal svare på alle oppgåvene

Eksamensoppgåve

Sosial kompetanse

I din framtidige jobb i helse- og oppvekstsektoren har du heile tida med andre menneske å gjere. Da er det nødvendig at du meistrar sosiale situasjonar og kan omgåast andre menneske på ein god måte.

Oppgåve 1

- a) Beskriv kort ein framtidig arbeidsplass og ei relevant brukargruppe.
- b) Kva for kunnskapar, eigenskapar og ferdigheiter bør den sosiale kompetansen din omfatte for at du skal kunne omgåast den valde brukargruppa på best mogleg måte?
- c) Korleis kan du vise og utvikle den sosiale kompetansen din i dette yrket?

Tilpassa kommunikasjon og veremåte

I ditt framtidige yrke i helse- og oppvekstsektoren må du kommunisere og samhandle med menneske som har dårleg språk eller manglar språk. Det kan vere barn som ikkje har lært å snakke enno, menneske med nedsett evne til å snakke, menneske med ulike sjukdommar, for eksempel hjerneslag, innvandrarar eller andre grupper. Dette er situasjonar som krev ekstra omtanke og gode kommunikasjonsferdigheiter frå deg.

Oppgåve 2

- a) Beskriv kort ei relevant brukargruppe med nedsett kommunikasjonsevne og ein arbeidsplass der du kan møte denne brukargruppa.
- b) Grunngi og vurder dine eigne haldningar til og din eigen veremåte overfor den valde brukargruppa, når omsorg og utvikling hos brukarane er målet.
- c) Korleis vil du kommunisere med den valde brukargruppa? Grunngi vala dine.
- d) Vis gjennom eksempel korleis du kan vise empati i møte med den valde brukargruppa.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</p> <p>- Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du gjør.</p> <p>- Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	NB! Du skal svare på alle oppgavene

Eksamensoppgave

Sosial kompetanse

I din framtidige jobb i helse- og oppvekstsektoren har du hele tiden med andre mennesker å gjøre. Da er det nødvendig at du mestrer sosiale situasjoner og kan omgås andre mennesker på en god måte.

Oppgave 1

- a) Beskriv kort en framtidig arbeidsplass og en relevant brukergruppe.
- b) Hvilke kunnskaper, egenskaper og ferdigheter bør din sosiale kompetanse bestå av for at du skal kunne omgås den valgte brukergruppen på best mulig måte?
- c) Hvordan kan du vise og utvikle din sosiale kompetanse i dette yrket?

Tilpasset kommunikasjon og væremåte

I ditt framtidige yrke i helse- og oppvekstsektoren må du kommunisere og samhandle med mennesker som har dårlig språk eller mangler språk. Det kan være barn som ikke har lært å snakke ennå, mennesker med nedsatt evne til å snakke, mennesker med ulike sykdommer, f.eks. hjerneslag, innvandrere eller andre grupper. Dette er situasjoner som krever ekstra omtanke og gode kommunikasjonsferdigheter fra deg.

Oppgave 2

- a) Beskriv kort en relevant brukergruppe med nedsatt kommunikasjonsevne og en arbeidsplass der du kan møte denne brukergruppen.
- b) Begrunn og vurder dine egne holdninger til og din egen væremåte overfor den valgte brukergruppen, når omsorg og utvikling hos brukerne er målet.
- c) Hvordan vil du kommunisere med den valgte brukergruppen? Begrunn valgene dine.
- d) Vis gjennom eksempler hvordan du kan vise empati i møte med den valgte brukergruppen.



www.vigoiks.no/eksamen